

## Sunshine-hytta ved Reisjå

Torkjell Bondal Reisjå fortel:

*Ved juletider i 1944 kom Olav O. Bøen til far min Tov H. Bondal og spurde om det var mogleg å bygge ei hytte for Heimefronten ved Nord-Reisjå. Dei blei fort enige. Seinare fann dei ein lagleg plass 6-800 meter nordi skogen her. Straks etter jul blei det hogd tømmer og lafta ei hytte.*

Olav N. Bondal fortel:

*Saman med Olav Brekke, Øystein N. Bondal, Halvor O. Bøen og nokre fleire, var eg med og tømra opp ei hytte for Milorg ved Nord-Reisjå.*

Torkjell Bondal Reisjå:

*Det blei følt lite prata om kva hytta skulle brukast til, me unggutane fekk streng beskjed om å helde kjeft. Halvor Sletta og Halvor O. Bøen låg i gamlestugo på Nord-Reisjå under påskot av at dei var på tømmerhogst.*

*Etter at hytta blei ferdig, blei ho bruka blant anna av Tronstad og Syverstad til overnatting, når dei skulle frå Sunshines hovedkvarter ved Hamaren og til Lamplights hovudkvarter Dolpa på Brekkeheia i Gransherad.*

*Ein gong far var følt forkjøla fekk han nokre tablettar av Tronstad.*

Halvor T. Bondal fortel

*Tronstad kurera handa til far min, Tov Bondal Reisjå. Han hadde fått blodforgiftning. Tronstad og Syverstad låg heime på Reisjå. Tronstad skar opp verken og gav far tablettar.*

*Ei veke seinare kjørte far over Vindsjøen med hest. Lasset var materialer til hytta som Leiv Bøen hadde på Godviljån. Plutseleg dukka to kvitkledde karar opp. Den eine spurde: "Hvordan er det med handa di, Tov?" Far stussa litt, for han kjende ikkje att Lingekekarane Syverstad og Tronstad i farten.*

Olav N. Bondal fortel:

*Eg møtte Tronstad og Syverstad saman med 4-5 karar til, kvitkledde i forsvinningsdrakt, vinteren 1945 ved Bergstugu i Bondal. Me veksla nokre ord, men det blei ikkje snakka noko om motstandsarbeidet. Det var om å gjere å veta minst mogeleg.*

Torkjell Bondal Reisjå:

*Det kom mykje våpen hit til Nord-Reisjå. Ein gong mor kom ned på låven låg det fullt av våpen i striesekkar der. Desse blei frakta hit av Steinar Sætre. Karane til Olav O. Bøen lagra dei ved hytta. Olav O. Bøen hadde tilhald i*

hytta i lengre tid og eg var blant anna borte hjå han og hørde radio.

Det blei sagt på nyhetene at tyskarane måtte trekke seg tilbake ved ein stad som hette Bingen (i Tyskland.) "Det er ikkje Bingen her i Reisdjågrønde òlså", forklara Olav.

Ola N. Bondal fortel:

Steinar Sætre som var gardsgut på Lyngdal kjørde våpen frå flysleppa i Gransherad over til hytta ved Reisdjå. Systema til Steinar, - Tora, var gift med Kittil K. Løndalen. Han var ikkje informert om våpentransportane, men lura vel, da hesten var svett når han kom i stallen om morgonen.

Torkjell Bondal Reisdjå:

Rett før freden kom Heimefronten og henta alt utstyret. Dei var mobiliserte.

Det blei òu sagt angjevaren frå Rjukan (sjå kap.5) hadde opplysningar om hytta her ved nord-Reisdjå. Hadde opplysningane nådd Gestapo, hadde gardane blitt brent og folka skotne.

Ein gong kom det tyskarar til Nord-Reisdjå saman med lensmann Mosebø. Ei bombe frå amerikanske fly hadde blitt observert i Bjønntjønndalen. Bomba var udetonert og tyskarane skulle sprengje ho. Far min Tov måtte følgje tyskarane til sprengningsstaden.

(.....)

## Siste møte med Tronstad

Halvor O. Bøen:

Tronstad for igjennom bygda 3-4 gongar på tur frå hovudkvarteret i Hamrefjell til og frå hovudkvarteret i Dolpa ved Sætre. Ein gong kom det melding frå Øystein K. Bergstuen om eg ville hente to mann ved Reisdjå. Dei to var Leif Tronstad og Einar Skinnarland.

Eg møtte dei ved Steinsrud, det var store brøytekantar. Me blei forlikte om at eg skulle gå føre nedover og at dei skulle følgje etter. Dette var av sikkerhetsomsyn. Nordafor Tveiten tok dei av ålmann-vegen og følgde isen på Bjårvatn. Ein nazist hadde sett dem og uttala: "Hå slag karar er det som kjem av nord no då tru?" Han skulle berre ha visst kva slags karer han hadde sett. Tronstad var leiar for Operasjon Sunshine og Skinnarland var telegrafist. Begge hadde vore med i Tungtvass-aksjonen!

Tronstad og Skinnarland blei med heim på Bøen og fekk seg mat. Slik var det kvar gong dei for gjennom bygda. Me var enige om at eg skulle starte ein halvtime tidlegare og ta kontakt med Steinar Sætre på Løndalen. Han skulle følgje dei vidare til Lamplight's hovudkvarter Dolpa i Gransherad. Me møtte

karane ende før du kjem til Øystul. Dei for da beint over heia opp Søndlandsliane forbi Kaptein og til Sætre.

Ein annan gong Tronstad var innom heime, var dyrlege Fjalestad på besøk. Dyrlegen var forbanna på nazistane og la ut kva han ville gjera med dem i breide ordelag. Etter at Fjalestad hadde, reist spurde Tronstad, som var litt skeptisk: "Å slag kar var dette?" Eg beroliga han og sa at Fjalestad var ikkje farleg, me var trygge på han.

Tronstad overnatta også av og til på Reisjå.

Mathis Håtveit:

Me hadde våpeninstruksjon med major Tronstad og hadde skytetrening i Heggelidnutane. Tronstad overnatta på Bekkhusaugen, straks bortanfor heime. Tronstad lærde kån også nærkamp.

Olav H. Særsland:

Fem mann av kån blei innkalla til våpenøving og nærkamptrening ved Bjordal sæter. Major Leif Tronstad frå Kompani Linge var instruktør. Han synde kån håss me skulle uskadeleggjera ein motstandar og fortalde at me trong ikkje vere så store gruppa for å slå ut ein tropp med tyskerar. Han lærde kån opp i sprenging av jernbaneskiner. Han hadde med seg "Plastic Explosive" som han demonstrera.

Etter øvinga var det meininga eg skulle kjøre Tronstad til Nutheim med hest og slede. Det var så sprengelig kaldt, og Tronstad sa at han tok sjansen på å taka bussen. Buss-sjåføren Andreas Stykket var ein av kån, og han gjømte pargassen til Tronstad i ein knott-sekk. Tronstad gjekk på bussen ved Skogheim. Det var siste gong eg såg han.-

Eilev Deilkås:

Me var fleire turar på våpentrening. Ein gong hadde me med kån Gunnar Syverstad som instruktør. Han blei seinare skoten saman med Tronstad under tragiske omstendigheter ved Syrebekk på Rauland. Syverstad var i topp form og ein fantastisk god pistolskyttar. Han lærte kån opp i sabotasje, skyting og nærkamp. Me bygde opp ein snømann og sto inne i ei gamal bu ved Bekkjestuldalen under Heksfjell, for å dempe smellen. "Nei gutter, dette går nok for seint!" sa Syverstad og reiv fram pistolen og sette fem skot midt i brystet på snømannen. "Den som får det til å smelle først overlever", sa Linge-instruktøren. "Om du så dreg av skotet i lomma, har du distraherert motstanderen."

Me blei også opplært i "tidsblyantar". Eg ødela hørsla mi på desse, blåste inn trommehinna, blei stokk stein dauv på eine øyret. Torde ikkje betru meg til doktor, då eg ikkje kunne fortelja hånse dettan hadde skjedd. Tilslutt måtte eg

*gå til doktor og han fekk opna trommehinna. I alle år har eg hatt problemer med hørsla på det øyra.*

*Då me skilde lag med Syverstad oppå åsen ommafor hytta, tok han kån i neven og sa: "Takk for laget og på gjensyn etter krigen! Nå kan det vel ikkje være så lenge igjen."*

*Ei veke etterpå blei Syverstad skoten av bror til nazilensmannen NN på Rauland.*

**Monrad Almås:**

*Vi holdt en konferanse med Tronstad og Poulsson på Dolpa. Da de dro, hadde Tronstad fått knickersen min og jeg skulderhysteret hans.*

**Per Gundersen:**

*Vi bar våpen og utstyr over til Søndlandvatn og la det på andre sida av vegen ved hytta til lensmann Mosebø. Tuddalsgruppa av Milorg ved Olav O. Bøen overtok der.*

*I mars 1945 følgde vi Tronstad og Poulsson over til Tuddal. Vi bar sekkene for dem. De hadde vært på stabsmøte på hovedkvarteret til Lamplight, - Dolpa.*

*Tronstad sa at vi skulle stå på med Eurekastasjonen. "Kommer tyskerne så bare skyt! Skyt mens dere flykter ned i skogen. Da tør ikke tyskerne følge etter!". Vi satt og så på Tronstad og Poulsson idet de gikk nordover mot Reisjå. Til slutt blei de borte i skogbrynet. Det var siste gang vi så Tronstad.-*

**Jon O. Bøen:**

*Heimefrontgruppa i Tuddal bygde ei hytte inni ein skogkrull ved Nordre Reisjå på Tov Bondals eigedom. Hytta blei lafta opp av Milorgkarar blant andre Olav Bondal og blei bruka når folk skulle gå i dekning, og til å huse blant andre major Tronstad når han var på veg frå og til hovedkvarteret til "Operasjon Sunshine" i Hamrefjell vest for Møsvatn og "Lamplight"s hovedkvarter ved Dolpa i Sætregrenda i Gransherad.*

*Siste gongen Tronstad nytta denne ruta, var det bror min Olav O. Bøen som skyssa han med hest frå Tuddalsdalen og opp til hytta ved Reisjå, som var eit trygt Milorgreir.*